

# SPRÅKBRUKSPLAN FOR X KOMMUNE

## Vedteken i kommunestyret [sak, dato]

### Bakgrunn

Den [dato] vart kommunane Y og Z samanslegne til X kommune. Y kommune hadde nynorsk som administrasjonsmål og Z hadde bokmål. X kommune er dermed ein språkdelt kommune, og har vedteke [sak, dato] å vere nøytrale etter Mållova § 5.

Sidan både bokmål og nynorsk blir brukt av mange innbyggjarar i kommunen, er det eit særskilt kommunalt ansvar å ivareta interessene og rettane til alle desse. Det er òg eit kommunalt ansvar å syte føre at tilhøva for brukarane av den eine målforma ikkje blir påverka negativt av den nye organiseringa. Føremålet med dette dokumentet er å slå fast nokre rammer for korleis ein skal handheve dette ansvaret.

### Målform

Sidan X kommune er språkdelt, blir det opp til den einskilde saksbehandlaren kva målform han eller ho vel å bruke. Det skal likevel til ei kvar tid vere ei rimeleg fordeling mellom bruken av dei to målformene, slik at inga målform nokon gong blir brukt i færre enn 30 %<sup>1</sup> av offentlege dokument. Når kommunalt tilsette svarar på brev frå privatpersonar, skal dei svare på den målforma som er brukt i brevet.

Sidan nynorskbrukarane er i eit mindretal nasjonalt, er desse meir utsette for å ikkje få oppfylt språkrettane sine<sup>2</sup>. Derfor vil kommunen ta eit særleg ansvar for at nynorsk får ein tydeleg plass i kommunen, og gjennomføre konkrete tiltak for at nynorskbrukarane får møte språket sitt i det daglege. Dette er særleg viktig med omsyn til unge nynorskbrukarar, for å motverke målbyte frå nynorsk til bokmål<sup>3</sup>.

### Språkpolitiske mål

Skriftspråket til dei tilsette i X kommune skal vere enkelt, klårt og brukarvennleg. Det skal vere korrekt etter gjeldande rettskriving og bør elles leggje seg så nær opptil talemålet i kommunen som råd, slik det er spesifisert i *Retningslinjer for bruk av bokmål og nynorsk i X kommune*.

Kommunen skal gjennomføre konkrete tiltak for å fremje god språkbruk og tydeleg nærvær av begge målformer i det lokale næringslivet. Døme på slike tiltak kan vere gratis språkhjelp og språkbrukskurs for næringsdrivande, prisar for god språkbruk og tilskotsordningar for verksemder som ønskjer å marknadsføre seg på den minst brukte målforma.

Det språklege mangfaldet i Noreg er ein nasjonal verdi, og X kommune er medviten sitt ansvar for å dyrke og ta vare på sin unike bit av dette mangfaldet. Kommunen ser på det som ei sentral oppgåve å verne dei lokale talemåla og den lokale stadnamntradisjonen. Dette strekkjer seg òg til dei tradisjonelle talemålsvariasjonane i området. Mangfaldet av talemål som har kome til kommunen som resultat av innvandring og tilflytting, er ein eigen ressurs som skal løftast fram og takast vare på. På heile dette feltet har dei tilsette i skulane og barnehagane eit særleg ansvar, og

---

<sup>1</sup> Dette talet kan endrast, men bør ikkje vere særleg lågare, sjølv om brukarprosenten av den eine målforma skulle vere lågare. Dette er spegla t.d. i reglane for språkbruk i NRK og andre statlege føretak, der minstekravet til nynorsk representasjon er 25%, sjølv om det reelt sett er færre enn 25% nynorskbrukarar i Noreg.

<sup>2</sup> Jamfør kapittel 5 av Stortingsmelding nr. 35, *Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*

<sup>3</sup> Sjå *Mål og Meining* 5.6: «Observerte tendensar frå nokre år sidan gjorde det sannsynleg at kvar tredje nynorskelev ville skifta til bokmål før fylte tjue år».

der skule- og barnehagesamanslåingar har lagt ekstra press på små, sårbare greiner av talemålet, skal desse språkbrukarane takast ekstra omsyn til.

### **Gjennomføring**

Det er leiarane i X kommune sitt ansvar å sjå til at alle tilsette følgjer retningslinjene i språkbruksplanen. Rådmannen skal i ein årleg rapport orientere kommunestyret om korleis språkbruksplanen blir følgd opp, og kva tiltak som har vore gjennomførte ved brot på retningslinjene.

X kommune tek ansvar for at selskap eigde av kommunen følgjer retningslinjene i språkbruksplanen. Kommunen skal òg arbeide for at kyrkja, interkommunale selskap og andre selskap der kommunen er deleigar, følgjer desse retningslinjene.

Kommunen skal syte føre at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som blir brukte i kommunen, er tilgjengelege på begge målformer. Denne grunnregelen gjeld òg for alt skriftleg tilfang som blir nytta i skulen og i barnehagar.

### *Opplæring og hjelpemiddel*

Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i rett og god språkbruk. For sakshandsamarar bør slike kurs vere obligatoriske. Alle tilsette skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld munnleg og skriftleg målbruk. På alle kontor i kommunen skal det finnast språklege hjelpemiddel av nyare dato<sup>4</sup>. Éin tilsett i kommuneadministrasjonen skal ha som ein del av si stilling å vere intern rådgjevar i språkspørsmål. Dei einskilde fagetatane skal gjere seg kjende med den relevante terminologien for sine fagfelt på både bokmål og nynorsk.

### *Barnehagar og skular*

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna blir lagt i barnehagane og skulane. Det er derfor viktig at dei tilsette på desse stadene er ekstra medvitne om sin eigen og andres språkbruk. Skuleadministrasjonen og rektorane skal gjere dei tilsette kjende med det følgjande utdraget frå Opplæringslova § 2–5 fyrste til tredje ledd:

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

### **[VALFRITT:**

Ungdomsskulane i kommunen skal vere organiserte etter den såkalla Odda-modellen, med skilde bokmål- og nynorskklassar.]

---

<sup>4</sup> For nynorsk er dei mest relevante hjelpemidla den nyaste utgåva av Hellevik, *Nynorsk ordliste*, Rommetveit, *Med andre ord*, Fretland og Søyland, *Norske skriveregler* og Fretland, *På saklista*. For bokmål er det Wangensteen, *Bokmålsordboka* og Fretland & Søyland, *Norske skriveregler*. *Nynorsk- og bokmålsordboka* finst òg gratis tilgjengeleg på nett: [www.nob-ordbok.uio.no/](http://www.nob-ordbok.uio.no/) (august 2016)

### *Stadnamn*

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Skrivemåten skal følgje stadnamnlova frå 1990. I Forskrift til lova om skrivemåten av stadnamn står det slik i § 3:

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving.

Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte.

### *Digital programvare*

Kommunen skal så langt det er mogleg, prøve å ha all digital programvare tilgjengeleg på begge målformer. Der faglege argument gjer at ein må velje ei programvare utan brukargrensesnitt på både bokmål og nynorsk, skal kommunen gjere produsenten, og eventuelt relevante interesseorganisasjonar, merksame på ønsket om parallellversjon, slik at alle relevante aktørar er klar over behovet. Dette gjeld like sterkt der ei programvare ikkje finst på *verken* bokmål eller nynorsk, berre engelsk.

### *Tilsetjingar*

God skriftleg kompetanse i både bokmål og nynorsk er eit viktig tilsetjingskriterium i X kommune, og skal etterspørjast i alle kommunale jobbutlysingar.